

Russerfangen i Bjerkreim

Historia om Arkadij Mihailovich Bojarintsev

Dette er ei søge frå siste krig om heltemodige nordmenn, som utan frykt for eige ve og vel, hjalp ein sovjetisk flyktning mot frihet. Nå er heile flyktningens livshistorie blitt kjent gjennom eit omfattande arbeid som Bjørn Bratbak, Stavanger, har utført. Han har vore i Russland fleire gonger og har faktisk greidd å oppspora familien hans og er blitt fortalt heile Arkadijs livsløp til han døydde i 2007. Slik er det knytta band mellom Bjerkreim og Russland på eit forunderleg vis.

*

RUSSERHOLA PÅ BIRKELAND

Ola Birkeland fortel om korleis heile denne livssoga om Arkadij kom i stand, og om korleis sjølve flukta og opphaldet arta seg.

*

FANGELEIRER FOR RUSSISKE KRIGSFANGER

Paul Tengesdal skildrar livet i slike leirar i Sandnes-området der Arkadij flykta frå.

*

LIVSSOGA TIL ARKADIJ BOJARINTSEV

Me følgjer Arkadij frå hans ungdom, som soldat, krigsfange og hans liv etter heimkomsten til Sovjet. Bjørn Bratbak fortel.

*

TAKKEHELSING FRÅ FAMILIEN

Helsinga vart opplese i Bjerkreim Historie- og Ættesogelags møte 1. desember 2011, som ei djup takk til alle som hadde hjulpet til under flukta.

*

Aaland Gård, januar 2012
Paul Tengesdal

Russarhola på Birkeland

Ei framstilling av Ola Birkeland:

Eg er fødd i 1947 og som liten høyrde eg ofte tale om ”Russarhåla” i Kyrkjefjellet. Det stod liksom litt eventyrglans av heile historia. Sigmund (Skjelbreid) som hadde hjelpt russaren med mat mens han hadde gøymt seg i ei hule som i grunnen ikkje var ei hule, men meir ein halvopen heller der staurar hadde blitt reist på skrå, tildekka med kvist og torver for å få det tett.

Så var det spennande med Torger Asheim som hadde sauene sine på Blifjellet rett framfor og som i verste fall hadde kunna ha oppdaga han viss han hadde sett røyk eller noko anna mistenkeleg oppi Kyrkjefjellet.

Så visste eg at far hadde klipt han i sauehuset då freden kom, at han hadde reist heim til Russland, at Gunnar, farbror min, hadde fått og gitt adresse, men at ein aldri hadde høyrte noko som helst ifrå han seinare. Me rekna sjølv sagt med at han var teken av dage eller omkomen i ein fangeleir i Sovjetunionen som så mange vart. Og at han hadde eit vanskeleg namn: Arkadi Boyarensiv. (Slik Jørgen Skjæveland skreiv det.)



Kyrkjefjellet på Birkeland

KORLEIS DET STARTA

Først på totusentalet kom kravet om miljøplan på kvar enkelt gardsbruk. Eit av elementa i denne planen er å registrera kulturminne m.a. I Bjerkreim arrangerte forsøksringen kurs for dei som var interesserte.

Ein av kurskveldane skulle me fortelja litt frå kvar gard: mellom anna nemnde eg Russarhola sjølv om ho ikkje låg på vår gard akkurat. Elling Rosland, som driv gard på Vinningland, var og deltakar på same kurset og må ha fatta spesiell interesse for dette, for ei stund etterpå ringde han og spurde om han og faren (Jon) kunne få koma og sjå kor hola var. Det var nemleg far hans som hadde teke imot russaren på Sikveland og hjelpt han vidare slik at han enda opp på Birkeland.

JON ROSLAND

Den 14. februar 2004 kom Elling og Jon Rosland på besøk. Ein fin søndag. Men då eg såg kor gammal Jon var, forstod eg med ein gong at han ikkje greidde å klatra i tørne opp til hola. Men dei fekk sjå plassen i fjellet. Likeeins fekk dei sjå kor hytta til Bernhard Haukland på Grobebakken hadde lege. Der hadde russaren vore dei første dagane, men då Bernhard ein dag dukka opp, hadde dei funne ut det var for risikabelt og derfor funne ein ny plass sjølv om Bernhard Haukland hadde sagt at han måtte bare bli buande.

Så fekk eg høyra om koss han hadde kome til Sikveland og spurt om hjelp og fått overnatta til dagen etter. Han hadde kome frå fangeleir på Forus. Han hadde gått gjennom gatene i Sandnes bare 3 m frå vaktpostane og sloppe framom.

Kvifor han hadde kome til Sikveland var ikkje klart. Men han hadde med seg eit kart over Sør-Noreg og ville at Jon skulle visa han vegen til Sverige. I starten var Jon skeptisk til denne personen, men då han såg kor redd han var, blei han roleg for at det var ein ekte rømling.

Han var svolten. Då han fekk egg, ville han ikkje ha smør på skjeva. Han overnatta i høyet. Det var såpass med høy i løa at det må ha vore relativt tidleg på vinteren. Jon antyda i slutten av januar -45. Støvlane han hadde på seg var ringe. Jon hadde eit par nokså nye Vikingstøvlar. Dei fekk han. Likeeins ein svart, sid regnfrakk som gjekk mest til marka. Den blei han svært glad for. Han gjorde seg rimeleg godt forstått og var svært flink til å teikna. Han forklarte at han var frå Ural.

Om morgonen følgde Jon han til Holmaholane. Nær husa skulle russaren venta mens Jon skulle undersøka om der var fare på ferde. Det var mest som Jon trega på at han sleppte han frå seg og ikkje bare hadde lete han bli buande til krigen måtte ta slutt. Kva som hadde hendt med russaren etterpå kjende ikkje Jon til. Det hadde han undra seg på i all tid. Derfor var det så interessant for han å vita kva som hadde hendt etterpå.



Arkadij i Ural, 1939



Hjelpesmannen Sigmund Skjelbreid

EIT MERKELIG TREFF

Den 14. mars 2009 fekk eg ein e-post frå nevøen min i Oslo, Joachim Kwetzinsky. Han er pianist og hadde hatt ein konsert i Stavanger. Etter konserten blei han kontakta av ein hobbyhistorikar som heitte Bjørn Bratbak. Bjørn Bratbak var tidlegare offiser og interesserte seg særskilt for ein russisk general som heitte Kwetzinsky og som hadde vore øverstkommanderande i Arkhangelskområdet før revolusjonen. Han hadde rømt til Noreg med familien, og nå var Bratbak interessert i stoff om denne. Han hadde tilfeldigvis sett namnet Kwetzinsky i konsertannonsen og håpte å få opplysningar.

Joachim er son til Oddbjørn, bror min. Etter ei skilsmisse gifta mora seg med soneson til denne general Kwetzinsky. Derfor brukar Joachim dette etternamnet. Det bør tilføyast at han snakkar russisk og er engasjert i norsk-russisk kunstnarsamarbeid, mellom anna å gjera Edvard Grieg kjend i Russland. I tillegg til at han har hatt og har fleire eigne konsertar.

I denne samtalen i Stavanger våren 2009 hadde Joachim nemnt "Russarhola". Dette hadde tydeleg sett noko i gang hos Bjørn Bratbak. Ikkje lenge etter ringde han til meg og fortalde om sitt møte med Joachim og spurde om han kunne få koma på besøk og få ei synfaring i området. Det hadde eg ikkje noko imot, men eg tilrådde han å heller ta kontakt med søstrene til Sigmund. Klara Røyseland, Astrid Skjelbred og Lillian Solberg, som alle bur i Rogaland, ville alle kunna gi fleire og betre opplysningar enn underteikna.

Samtidig meinte eg han måtte ta kontakt med Elling og Jon Rosland for å få heile samanhengen. Det var trass alt på Sikveland første kontakten var oppretta og historia starta.

BJØRN BRATBAKS ENGASJEMENT

I tidsskriftet "Historie", utgitt hausten 2009, kom første del om Russarhola på Birkeland. Der fortel Bjørn Bratbak om møtet med Jon Rosland. Det er ganske underleg at russaren skulle banka på denne døra på Sikveland der folka alt hadde vore sterkt engasjerte i illegalt arbeid. Sonen på garden, Torgeir, var faktisk skoten av tyskarane i 1942. Han hadde organisert ei røming til England som blei oppdaga, og alle impliserte blei arresterte og dei fleste skotne. Faren Elling hadde sete fanga i Oslo i eit og eit halvt år før han slapp heim. Det var ein sterkt merkt familie russaren kom borti, men dei nølte ikkje med å hjelpa best dei kunne. Som me tidlegare har høyrte, følgde Jon han til Holmaholane. Erling Holm følgde han til Søyland og Ola Søyland følgde han til Sigmund Skjelbreid på Birkeland. Der meinte Sigmund det var best at han blei verande. Truleg fordi freden var i sikte. Det var bare eit spørsmål om tid.

I artikkelen kjem og Bratbak m.a. inn på opphaldet her på Birkeland og om tida etter frigjeringa. På Birkeland blei han som tidlegare nemnt, først gøymt i hytta til Bernhard Haukland på Grobebakken. Men dei fann ut at det var for risikabelt og deretter hamna han i Russarhåla. Ei syster til Sigmund, Ingeborg, blei medvitande om rømlingen. Men Lillian Solberg fortalde til underteikna at mora, Karen, begynte å undrast på kvifor ulike matvarer *bare* blei borte. Dei trur ho hadde mistanke om noko.



Her ser me «Russerhåla» slik ho var då Arkadij budde her våren 1945. Foto: Sigmund Skjelbreid.

RUSSISKE FANGAR I ROGALAND

1. desember 2011 arrangerte Bjerkreim historie- og ættesogelag ein kveld om russiske krigsfangar. Atle Skarsten fortalde om alle fangeleirane i Rogaland og skildra forholda dei levde under. Ein epoke som var totalt gløymt i nærmiljøet. Saman med Michael Stokke har han skrive boka; ”Blod og tårer – historien om sovjetiske krigsfanger og sivile tvangsarbeidere i Rogaland 1941-1945”.

Her fortel han at då han gjekk på Sola vidaregåande og hadde gymnastikk i fellesidrettsanlegget på Sola, hadde han ikkje det minste aning om dei tragediar som hadde utspelt seg nøyaktig der han sveitta seg rundt løpebanen. Bare førti år tidlegare utspelte det seg heilt andre scener enn vanleg gymnastikk.

Etter pausen presentera Bjørn Bratbak oss for livsløpet til Arkadij Bojarintsev. Sovjetrussaren som i si tid ga namnet til Russarhåla. Bjørn Bratbak har faktisk greidd å oppspora familien til Arkadij og ga eit fasinerande innblikk i det omflakkande tilværet Arkadij hadde hatt før han døydde i 2007.

Han hadde i tillegg med seg ei helsing frå dei to døtrene til Arkadij. Dei uttrykkjer ei stor takksemnd til alle som hjelpte Arkadij slik at han kom velberga tilbake til heimlandet.

REPATRIERING

Historia om repatriering(når flyktingar vender tilbake til sitt heimland) av sovjetrussiske krigsfangar er eit kjenslevert emne også i dag i Russland. Likevel er det nok rett å seia at dei førestellingar me i Vesten gjorde oss nok var for dramatiske. Dette blei eit tema i samtalen denne kvelden.

Det viser seg at halvparten av alle krigsfangar fekk reisa rett heim til sine familiar. Dei resterande blei plasserte i ulike arbeidsleirar med unnatak av ca. 10 prosent som fekk dødsdom umiddelbart.

Arkadij kom i ein arbeidsleir i Krasnaja Gorka i nærleiken av Nisjnij Novgorod. Dei første åra var regimet strengt. Men Arkadij var flink i alt arbeid og snart blei han verktøymakar og mekanikar. I 1947 blei arbeidsbataljonen oppløyst, dei blei overført til sivil industri, men som tidlegare krigsfange hadde ikkje Arkadij høve å velja arbeidsstad. I 1947 hadde han gifta seg med Lidija Alexandrovna Ljutova. Dei levde saman til ho døydde i 1988.



Arkadij, Lidij og døtrene Valentina og Tatiana, Pavlodar 1960.

Først i 1960 var familien fri til å flytta dit dei ville. Dei flytta til Pavlodar i det nåverande Kasakhstan for der hadde dei slektningar. Der fekk han etter kvart arbeid som bussjåfør, eit arbeid han hadde til han gjekk av med pensjon. Han hadde aldri skofta ein dag. Han hadde fått mange utmerkingar for vel utført arbeid, men ved veteransamlingar og minnemarkeringar i samband med "den store fedrelandskrigen" blei alle tidlegare krigsfangar totalt oversedde. Det blei sårt gjennom heile livet.

Arkadij var sterkt oppteken av at døtrene skulle få god utdanning. Dottera Valentina tok pedagogisk utdanning mens søstera Tatjana blei jurist.

ETTERSKRIFT

Underteikna vil med dette retta ein stor takk til Bjørn Bratbak for alt arbeidet han har lagt ned for å følgja Arkadij frå Russarhåla på Birkeland til han enda livet hos dottera i Kemerovo i 2007. I nummer 4-2011 av tidsskriftet "Historie" kan ein lesa hans artikkel; heile saga om Arkadij frå fødsel til død. Slik er det knytta band mellom Birkeland og Russland på underleg vis, for det er då merkeleg koss ulike samantreff har styrt framdrifta av det som etter kvart blei eit stort prosjekt.

Birkeland, januar 2012, Ola Birkeland.




Nokre gjenstander som Arkadij skal ha snekkra:

Bilde øverst t.v.; storparten utført av Arkadij. Bilde øverst t.h.; fortelles å være laget av Arkadij.

Bilde nederst; laget Arkadij mens han var i Russarhøla.

Slike arbeid med treverk og intarsia av halmstrå er framleis typisk for regionen kor Arkadij kom frå.

KOR ARKADIJ BUDDÉ I SOVJETUNIONEN



- (1) = Veselki, landsbyen kor Arkadij voks opp.
- (2) = Kor tyskarane tok han til krigsfange.
- (3) = Arbeidet her i tre år som jordbruksarbeider mens han var i tysk fangenskap.
- (4) = Etter heimkomsten til Sovjet vart han sett i arbeidsleir.
- (5) = I 1960 flytta familien til Pavlodar.
- (6) = Arkadij flytta hit, og døydde i 2007.

Fangeleirar for russiske krigsfangar

Ei framstilling av Paul Tengesdal:

Nå veit me at Arkadij var i ein fangeleir i nærleiken av Forus. Kva leir det var, veit me ikkje. Det har heller ikkje så stor betydning, for den brutale fangebehandlinga var stort sett den same. Det må derfor vera mest rett å skildra korleis dei generelle forholda var i slike fangeleirar her i distriktet. Det kan me lesa mykje om i den omtala boka; «Blod og Tårer».

Under invasjonen i Sovjetunionen 1941 og seinare tok tyskarane ufattelege mengder sovjetiske fanger, faktisk i milliontal. Tyskarane hadde verken utstyr, mannskap eller forsyningar til å ta seg av slike mengder, og sette dei i enorme samleleirar, så å seie utan mat, vatn eller ly. Fangane vart sende vestover for å arbeida i tysk teneste, og nokre kom til Norge. Då freden kom, var her ca 80 000 slike krigsfangar fordelt i fangeleirar omkring i Norge. Ein reknar at ca 14 000 krigsfangar omkom her i Norge gjennom krigens dagar. Arkadij var krigsfange, han hadde vore soldat og vart teken til fange under kamphandlingar med tyskarane. Han visste godt kva han gjekk til då han vart sendt til Norge rundt årsskiftet 1944/45.

I tillegg til krigsfangar var her også sovjetiske sivile fangar som ikkje hadde vore med i kamphandlingar, faktisk også mange kvinner og barn vart sende i tvangsarbeid. Truleg var det omlag 7000 slike i Norge ved krigens slutt. Altså, alt i alt var det under krigen kome omlag 100 000 sovjetiske fangar til Norge.

I Sør-Rogaland var det oppretta fleire fangeleirer. Det var leirar på Moi, i Egersund, på Austvoll, Folkvord og Soma ved Sandnes og så var det ein på Sviland. I tillegg vart det sett opp enkle brakker ute i området kor fangar meir eller mindre måtte klare seg sjølv, under strengaste tysk vakthald, sjølvsagt. Mange augnevitne som såg desse fangane, huskar spesielt avstraffinga. Desse brutale handlingane har etterlete minner for livet. Fangane vart sette til tungt arbeid. Så vart dei hundsa og jaga omkring på byggeplassen. Avstraffinga føregjekk enkelte gonger i form av slag og spark, andre gonger med å måtta legge seg ned på marka og reise seg opp – gong etter gong. Det var hardt for ein svolten og utslitt fange. Og så buforholda; om vinteren i trange, trekkfulle brakker med uisolerte vegger.



Inngangen til ei av brakkene i leiren på Folkvord.

Fangeleiren på Folkvord vart rekna blant dei verste i fylket. Folk som var inne i leiren skildra forholda som fryktelege, med ein slett hygiene. Det var mange nordmenn som på forskjellig vis klarte å smugle inn både mat og såpe for å betre forholda. Fangane i denne leiren arbeidde med å bygge bunkerar og festningsverk i området, men og med ulike byggeoppdrag inne i Sandnes.

Det var mange fangar som rømte fra denne leiren. Nokre klarte det, andre ikkje. Fangane levde under fryktelege forhold, så det var ikkje så rart at dei forsøkte å koma seg unna, sjølv om dei visste at straffa var avretting. Vart dei tekne, så vart dei gjerne avretta på staden.

Leiren på Soma hadde det same dårlege ryktet som leiren på Folkvord. Fangane var dårleg kledde og hadde nesten ikkje sko i det heile. Det utslitne fottøyet dei hadde, var som regel inntulla i stoffbitar eller sementsekker. Mange av fangane gjekk barbeint i tresko, sommar som vinter. Som i dei fleste leirane gjekk fangane med eit konstant sug i magen etter mat. Fleire gonger såg ein at fangane åt gras eller sydre som dei hadde fått tak i.

Ein gong vart det observert ein fange som hadde stole nokre poteter, og fleire vart vitne til den brutale avstraffinga. To av vaktene gjekk på fangen med geværkolbane. Dei heldt geværet i løpet og svinga det over fangen som store klubber og let slaga hagle over den stakkars fangen. Fangen skreik noe frykteleg av smertene, spesielt då eit av geværslaga førte til at eine underarmen blei broten. Det er mykje som tyder på at Arkadij var innom nettopp ein av desse leirane, kanskje mest sannsynleg leiren på Folkvord.

Oremo, januar 2012, Paul Tengesdal

Livssoga til Arkadij Bojarintsev

Ei framstilling av Bjørn Bratbak:

Arkadij var fødd 17. januar 1920 i den litle landsbyen Veselki i Pisjanka-distriktet. Dette ligg omlag 180 kilometer sør for byen Kirov. Byen Kirov ligg omlag 900 kilometer nordaust for Moskva, var under den kommunistiske perioden og den kalde krigen ein såkalla lukka by for utlendingar, og difor ikkje så kjend utanfor Russland og i vårt land. Riktignok var det først på 1930-tallet ei gruppe skogsarbeidarar frå Østerdalen som ei tid arbeidde i skogane og på sagbruk i Kirov og Sovetsk. I dag bur det 14 500 i Pisjanka-distriktet.

Landsbyen Veselki, kor Arkadij vart fødd og voks opp, var først på 1900-tallet ganske liten, men typisk russisk landsby. Ved folketeljinga i 1905 var det i Veselki 10 hus med tilsaman 95 sjeler, 46 menn og 49 kvinner. Dei aller fleste i Veselki hadde etternavnet Bojarintsev, utan at dei dermed var i familie med kvarandre.



Mange russiske familier levde i svært enkle kår.

FAMILIEN TIL ARKADIJ

Arkadij vart fødd inn i ein familie som bestod av ein søskenflokk på fem. Familien levde i enkle kår, dei hadde ein hest og ei ku. Både guttane og mora likte å fiska og forsterka kosthaldet med fisk frå elvane nær byen.

Mora, Darja Ivanova, kom frå ein sterk bondefamilie, men var allereie i 1930-åra ei gamal og utsliten kvinne. Ho arbeidde som altnuligarbeidar i kollektivbrukets arbeidsbrigade. Ho måtte utføre det som vart bestemt av lagleiaren, brigaderen, ofte arbeid på dei enorme åkrane med å delta i innhausting av høyr og korn, og anna tungt jordbruksarbeid. Ho døyddde i Veselki i november 1943.

Om faren, Mihail Bojarintsev, var det aldri noko snakk i familien, såvidt Arkadij kunne hugsa. Når Arkadij spurte mora om faren, fekk han bare til svar at faren var reist bort. Truleg må faren ha forsvunne ei tid etter at yngste dottera vart i 1925. Kanskje var han reist til ein annan stad for å skaffe seg utkome, kanskje kunne han ha vore i konflikt med det nye regimet, og derfor eit tema ein ikkje skulle snakka om, kanskje var han blitt borte av andre årsaker.

Av søskena til Arkadij var søsteren Taisija den eldste. Ho var fødd i 1908 og reiste frå Veselki i 1930-åra og flytta til ein stad i Ural der ho gifta seg.

Broren Alexander var fødd i 1912 og gift før krigen braut ut. Han og Anna Davilova, ho kom frå ein velstående landeigarfamilie, bygde seg hus i Veselki av eit skur. Annas foreldre hadde mista eigedommane sine og var ille behandla av dei nye maktthavarane. Anna og Alexander hadde to barn, det yngste bare nokre veker gammalt då Alexander i september 1943 vart utkalla som soldat. Han vart sendt til fronten i Leningrad og vart drepen på slagmarka mars 1944. Der vart han gravlagt i ei massegrav som familien framleis ikkje veit kor er.

Arkadijs seks år eldre bror, Vasilij, også han var soldat, vart såra og vende i 1943 tilbake til Veselki på grunn av skadene. Han gifte seg, men døyddde i 1948 på grunn av skadene etter krigen.

Den yngste søstera heitte Anna og var fem år yngre enn Arkadij. Ho var den som heldt familien saman, heldt greie på fødselsdagar, adresser til dei som budde langt borte, og passa det sosiale livet i familien. Ho reiste til Pavlodar, fikk seg arbeid i jernbaneindustrien, og hadde dermed mulighet for å reise Sovjetsamveldet rundt gratis, noe som ho ofte nytta. Ho vart enke i 1971 og døyddde i 2006.



Slike typiske russiske hus ser me ute på landsbygda, også i dag.

LANDSBYEN VESELKI

Byen låg ved postvegen og innbyggjarane sokna til kyrkja i nærmaste landsby, bare to kilometer vekk. Her var det dei døde vart ført til, og her var det før revolusjonen i 1917 skule som vart driven av kyrkja. Korvidt det var ved denne skulen, eller den ordinære skulen i den nærliggjande byen, Arkadij var elev, er ukjent. Derimot veit me at hans totale skulegang var på dei fire obligatoriske åra som russarar frå enkle kår fekk. Han kunne ikkje få lenger utdanning fordi familien ikkje hadde råd til å gi han høvelege klær.



*Innhaustingsarbeid ute på dei store markene til kollektivbruket.
Me ser kyrkja som landsbyen Veselki høyrte til.*

Veselkis plassering var vakker. Den litle landsbyen låg på ein liten forhøyning ved bredda av ei elv. Veselki var kjent for sin orden og sitt reinhald. Langs elvebredden var det bygt badehus, og små trapper ned mot vatnet, både for vask og for bading om sommaren.

Langs postvegen og framfor bolighusa var det planta poppeltré, og det voks også kirsebær. Reisande stansa ofte opp i Veselki for å kvile. Dei kom ofte med utsegner om kor vakker denne byen var.

Under Arkadijs oppvekst var det tidvis uro, misstemning og usemje rundt omveltningane som følgde i kjølvatnet av revolusjonen. I nabobyen vart det alt i 1919 danna eit såkalla *kolkos* (kollektivbruk) etter kommunistisk mønster. Kyrkjens eigedommar, jorder og buskap vart konfiskert og danna grunnstammen for kollektivbruket som kom til å veksa seg stort og mektig. Det vart eit av dei største og viktigaste kollektivbruka i denne del av Russland.

Det var ikkje alle som likte desse ideane, og fleire forsøkte å halda igjen. Fleire bygningar på kollektivbruket vart sette i brann, men bruket vaks og kollektiviseringa heldt fram. I 1924 vart det opna barnehage for dei som arbeidde i kollektivbruket, og i 1925 fekk bruket sin fyrste traktor. Dette var i seg sjølv ein revolusjon, og igjen var det mange som var skeptiske til denne nyvinninga. Det vart midt på 1920-tallet opna ein skule for bondeguttar der dei kunne studera til nittenårsalderen. I 1927 kom den fyrste radioen til landsbyen og kollektivbruket, og frå då av vart det lytta på *Stemmen frå Moskva*.

Kollektiviseringa av jorda heldt fram ut gjennom 1920-åra. Jorda vart teken frå dei velstående bøndene og innlemma i kollektivbruket. På slutten av 1930-tallet fekk kollektivet eige

postkontor, bibliotek og fødestue. I 1931 vart det bestemt at kyrkja skulle rivast. Dei gamle gravene vart jamna ut og plassen vart til kollektivets bustadhus og administrasjon. Landsbyen Veselki vart i 1932 innlemma i kollektiv.

ARKADIJ SOM UNG MANN

Mennene i landsbyen var rekna som særdeles dyktige snekrar og tømmermenn. Dei tok seg ofte arbeid langt borte frå heimlassen. Slik vart det også med Arkadij. Midt i tenåra og utan muligheit for vidare skulegang, måtte han bort for å tene pengar. Han og fire kameratar fekk seg arbeid i Perm og Ural. I ein periode på eit og eit halvt år arbeidde han som gruvearbeidar i kolgruvene i Donetsk i Ukraina. Det var ikkje bare som snekrar at mennene i Veselki var kjende, fleire var også dyktige trekkspelalarar, noko også Arkadij beherska.



*Arkadij med arbeidskamerater i Ural før krigsutbruddet.
Arkadij til høgre med trekkspelet.*

Tjue år gammal møtte han i 1940 på sesjon og vart godkjent som stridande av høgste klasse. Han vart sendt til regimentet som var stasjonert i Leningrad militærdistrikt. Ei lang reise frå Kirov til Leningrad gjekk greitt. Han vart utdanna til radio-operatør, og etterpå sett til assistent for avdelingssjefen og som avdelingas sambandsmann og ordonans. Artilleriavdelinga hans vart så sendt til dei tidlegare baltiske statane der regimentet skulle inngå.

Arkadijs avdeling vart plassert i nærleiken av Libau. Her var det at divisjonen hans var gruppert, då tyskarane natta til 22. juni 1941 sette inn sitt overraskande og voldsomme angrep mot dei russiske styrkane. Russarane hadde store tap, og store deler av dei russiske avdelingane vart omringa og tekne til fange. Arkadij vart lettare såra og var blant dei mange som vart tekne som krigsfangar. Han hamna på militærhospital, men snart ført til ein enorm midlertidig fangeleir ikkje langt frå Riga. Etter kort tid der vart han transportert til Neubrandenburg i Tyskland, og der utteken til å arbeida for ein tysk godseigar. Her hadde han det rimeleg godt.

Etter tre år tok opphaldet slutt som jordbruksarbeidar, og Arkadij vart saman med andre fangar førde til Hamburg. Der vart dei sette til å utføra reparasjonsarbeid på vegane som vart øydelagt av den allierte bombinga og påkjenninga av den store militær- og forsyningstrafikken. Etter ei tid som vegarbeidar, vart Arkadij, truleg rundt årskiftet 1944/45, saman med andre krigsfangar ført med skip som seilte til Bergen i Norge kor fangane vart plassert i ein gjennomgangsleir. Arkadij vart kort tid etter ført til Rogaland. Der vart han truleg sett i arbeid på eit av tyskarane sitt anlegg ved flyplassane Forus eller Sola. Herifrå var det at han flykta frå

arbeidsplassen i nærleiken av Sandnes ein dag i februar 1945. Og derifrå kom han omsider til Birkeland i Bjerkreim som alt nemnt.

TILBAKE TIL SOVJETUNIONEN

Meldinga om freden nådde Birkeland om kvelden 7. mai 1945. Etter nokre dagar i fredsrusen vart Arkadij hjelpt tilbake til Sandnes kor dei mange russiske krigsfangane etter frigjevinga vart samla i Vatneleiren som skulle vera hovudsamleplass for dei tidligare russiske fangane i distriktet.

Sigmund Skjelbreid heldt seg orientert om dei russiske fanganes opphald i Vatneleiren og om transporten tilbake til Russland som skulle starta 3. og 4. juli. Han ville seia farvel med Arkadij og ønskja ham god tur heimover, og sykla den vel 30 kilometer lange vegen frå Birkeland til Sandnes. Han klarte å finne Arkadij i leiren, og dei snakka saman. Sjøl om Arkadij var glad for å reisa tilbake til fedrelandet sitt, var det tydelig at han var svært bekymra.

På jernbanestasjonen på Sandnes vart dei tidlegare fangane lasta inn i svenske jernbanevogner 4. juli, som skulle føra dei via Oslo til Gävle i Sverige og derifrå vidare med skip over til Sovjetunionen. På stasjonen tok Sigmund det siste farvel med vennen som han hadde gøymt og bore mat til i så mange dagar. Arkadij lovte at han skulle forsøke å skriva, men la til at det ikkje var sikkert at han ville få anledning til det etter at han var tilbake i Sovjet. Han frykta det verste, men ville ikkje seia så mykje. Sigmund drog heim og var svært nedtrykt. Han var uroleg for kva som kom til å skje med kameraten hans. Det einaste som er igjen i Norge etter Arkadij, er hola han budde i, og nokre få gjenstandar han laga mens han oppheldt seg på Birkeland. Sjå bilder side 6.



Klar for heimreis frå Sandnes til Sovjetunionen.

Etter at fangetransporten nådde Sovjet, havna Arkadij og medfangane hans på eit nytt tog, denne gangen eit sovjetisk. Med dette vart dei ført til Murum ikkje så langt frå Moskva. Her vart dei på nytt registrert og organisert som soldatar. Opphaldet varte frå 23. juli til 22. august. I denne perioden vart fangane forhøyrte om si tidligare militærtjeneste, korleis dei vart tekne til fange, og korleis dei kom seg gjennom fangenskapet. Dei vart også pålagde taushetsplikt om så vel sine opplevingar under krigen, som om avhøyra i Murum.

Arkadij vart nå innrullert i ein såkalla arbeidsbataljon og sendt til eit område i nærleiken av Nisjnij Novgorod. Arkadij hamna etter ei tid i arbeidsleiren Krasnaja Gorka der det vart bygd ein brakkeleir. Arbeidet var allslags skogsarbeid som tømmerhogst, transport, sagbruk m.v. Til å begynne med var regimet ganske hardt. Arkadij, dyktig som han var med alt arbeid, fekk jobb som verktøymakar og mekanikar. Frå 1947 vart arbeidsbataljonen oppløyst, og arbeidsstokken vart overført til den sivile industrien. Arbeidarane som hadde vore krigsfangar, hadde ikkje anledning å velja seg annan arbeidsstad. Utanom arbeidstida kunne dei besøkja nærliggande busetnad og byar.

Det var slik han treffe Lidija Alexandrovna Ljutova. Ho hadde både under krigen og etter krigen arbeidet som traktorkjører, men arbeidde nå på kontor. Dei gifta seg i 1947, og levde i meir enn 40 år i et godt og lykkeleg ekteskap inntil ho døydde frå han i 1988. I 1948 fikk dei det første barnet, dottera Valentina, og i 1953 fikk dei den neste dottera, ho fikk namnet Tatjana.



Diplomet som Arkadij vart tildelt 1954 for utmerket innsats i arbeidet. Slike var det vanlig vart utdelt med store æresbevisninger.

Livet i Krasnaja Gorka var hardt med lange arbeidsdager, han gjekk tidlig og kom seint heim. Frå 1952 fekk han jobb som sjåfør på ein av dei store bilane som transporterte tømmer. Huset dei budde i, husa først to familiar, men etterkvart fekk dei heile huset for seg sjølv. Hustrua Lidija hadde slutta å arbeide i industrien då barna var små. Utanfor huset dyrka dei alle slags grønnsaker som vart sylta og lagra til vinteren. I skogen plukka dei ville bær og sopp. Dei hadde ei ku, og dermed fekk døtrene frisk mjølk under heile oppveksten. Dei hadde også høner og gris. Arkadij var glad i å fiske og jakte. Fisk og fugl vart eit kjærkome tilskot til kosten.

Familien hadde ei fin tid i Krasnaja Gorka. Der var godt med mat, og dei to døtrene fekk ein god oppvekst i eit fritt og trygt miljø. Arkadij, som ikkje sjølv hadde fått noko utdanning, var svært oppteken av at det skulle døtrene få. Så heilt frå dei var små, vart dei motiverte til skulegang, flid og oppfordra til å vera flittige.

Alt som ungdom hadde Arkadij lært seg skomakaryrket. Til han kom familien og andre for å reparere sko. Sjølv når døtrene vart eldre og gjekk med høghæla sko, var det han som måtte til, og kunne reparera og setja på nye hæler.

I 1960 hadde styremaktene i Sovjet kome til at skogsdrifta ved Krasnaja Gorka skulle opphøyra og brakkebyen skulle rivast. Nå var arbeidarane, dei tidligare krigsfangane, fri til å reise kor dei måtte ønske. Arkadij måtte velje seg ein ny stad. Landsbyen Velseki kor Arkadij opprinneleg

kom frå, var så godt som utdøydd. Dei som ikkje var døde under krigen, hadde flytta. Alle frå Arkadijs familie var borte eller budde andre stader innan Sovjetunionen.

Lenger aust i Sovjetsamveldet i byen Pavlodar fanst fleire av Arkadijs slektningar. Familien bestemte seg for å flytte til Pavlodar, meir enn 2 000 kilometer lenger aust innafor den veldige sovjetstaten. Der kjøpte dei seg hus for dei oppsparte midlane, og livet kunne begynne på nytt. Arkadij fekk seg arbeid som sjåfør ved byens bussterminal, eit arbeid han hadde til han vart pensjonist i 1980. Han vart av alle opplevd som ein arbeidsom og heiderlig mann, og fekk dei beste skussmål, og i det sovjetiske systemet opplevde han fleire utmerkingar, diplom og plassering blant dei såkalla heidersarbeidarane.

Dottera Valentina fekk sin utdanning ved det pedagogiske instituttet og enda som leiar for barnehagane ved ein av dei største verksemdene i Pavlodar. Dottera Tatjana utdanna seg til jurist, og arbeidde i fleire av dei statlege institusjonane.

Arkadij fortalte lite om fangenskapet under krigen, opphaldet i personellerstatningsdivisjonen, avhøyra der, og om overføringa til arbeidsbataljonen. Han fortalde imidlertid litt frå sitt fangenskap i Norge. Særlig nemnte han namnet på den beste hjelparen, Sigmund, som gjennom fleire månader bar mat og mjølk til han.

Etter at Sovjetunionen gjekk i oppløysing, vart Pavlodar ein del av Kazakhstan, og då døtrene vart pensjonistar, og Valentina flytta til Moskva og Tatjana flytta til Kemerovo, valde han i 1999 å forlate Pavlodar. Han flytta til dottera i Kemerovo. Der sovna han inn 27. februar 2007.

Utdrag av artikkel i «Historie» nr. 4-2011, Bjørn Bratbak.



Skulen og elevane i Obuhovo barne- og ungdomsskule hjalp Bjørn Bratbak med å spora opp Arkadij og hans familie. Det var dette som førte til gjennombrøt i arbeidet hans. Stor takk for denne innsatsen! Her ser me lærerstaben, mens mannen t.h. er nåværande sjef for kollektivbruket. Bjørn Bratbak står bak t.v.

Takkehelsing frå familien


Her kjem ei helsing som Bjørn Bratbak las opp på Vikeså 1. desember 2011:

Datteren Tatiana, som nå bor i Kemerovo, har bedt om at jeg på hennes og familiens vegne overbringer en hilsen og takk til befolkningen i Bjerkreim.

Hun hilser på egne vegne, og på vegne av søsteren Valentina, likeså på vegne av Arkadijs to barnebarn, Olga og Paul, og på vegne av oldebarna Lydia, Anna, Anastasia og Maxim.

Tatiana skriver i et brev at det livet som ble reddet i Norge, det levde faren i ærlighet, med ydmykhet og med verdighet. Hun skriver at hun stadig har tenkt på hvorledes hun kunne få fremsagt sin og familiens takk til hjelperne i Norge. Hun sier at det viktigste å få sagt, er hvorledes hennes far alltid med takknemlighet mintes dem som hjalp ham.

Hans familie husker det, og det vil fremtidige generasjoner gjøre. De som hjalp, må være av de edleste blant det norske folk, de som i de frykteligste årene under den tyske okkupasjonen, klarte å bevare de beste av menneskelige kvaliteter, medmenneskelighet, omsorg og mot. Dem er det riktig å huske, og å være stolte av dem. Hun sender sin og familiens beste takk og de beste hilsener om alt godt!



Isfiskeren Arkadij, 1975